

# God skulestart

Kven:	<b>Ansvarleg: Koordinator</b> Rådgjevar ved PPT, helsesøster, ergoterapeut og fysioterapeut i samarbeid med administrasjon og pedagogisk personell i skulen.
	I alle 1. klasser. Ressursveke vert gjennomført i løpet av hausthalvåret. Det lokale teamet er ein tverrfagleg ressurs i heile 1.klasse.
Oppgåver	Observera organisering, klasseleiing, fysisk og sosialt miljø på gruppenivå, merksemd/ aktivitetsnivå, motorikk, språk, skulefaglege ferdigheiter, sosial funksjon og kosthald på individnivå. Avdekka utfordringar hos enkeltelevar og klassar. Foreslå og setja i gang tiltak.
Mandat	"Mandatet for involverte partar i God skulestart er å utvikla det tverrfaglege samarbeidet, jobba helsefremmande og -førebyggjande i tilhøve til alle barn på 1.trinn, og dessutan gje tverrfagleg støtte til pedagogisk personell. Særleg fokus på gruppe- og miljøtiltak som bidreg til å inkludera alle barn. Fokus òg på enkeltbarn i risikogrupper, slik at dei får tidleg hjelp for vanskanane sine. Råd til tiltak kan vera i tilhøve til: <ul style="list-style-type: none"><li>• heile klassa/ deler av klassa</li><li>• miljø ute/ inne</li><li>• klasseleiing og organisering av skuledagen</li><li>• individuelle behov. Føresette skal gje samtykke til evt. vidare undersøkingar og tiltak.</li></ul> Tilbakemeldingane frå eksterne faggrupper tek utgangspunkt i observasjonsguide revidert mai- 17 .  Om ein observerer tilhøve som skildra i <a href="#">Opplæringsloven §9A-3</a> med omsyn til psykososialt arbeidsmiljø, er ein pliktig å melda frå til skuleleiinga om dette.
Mål	<b>Mål:</b> Bidra til å skapa ein best mogleg skulekvardag for alle elevar <b>Delmål:</b> <ul style="list-style-type: none"><li>- ha fokus på tidleg tilrettelegging for sårbare barn</li><li>- vidareutvikle tverrfagleg samarbeid og bidra til kompetanseutvikling for betre å kunna ta vare på behovet til borna</li></ul>